

Innkalling

Utval: Sykkylven kontrollutval
Møtestad: Sykkylven rådhus
Dato: 04.02.2026
Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/26 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2025
personalressursforvaltning helse og omsorg
PS 03/26 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - barnevern
PS 04/26 Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv
Møre og Romsdal IKS
PS 05/26 Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025
PS 06/26 Årsmelding 2025 - Sykkylven kontrollutval

Ålesund, 26.01.2026

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/26	Sykkylven kontrollutval	04.02.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 12.11.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 02/26 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
04.02.2026

Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning helse og omsorg

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet takkar kommunedirektøren for orienteringa om korleis dei har arbeidd vidare med tilrådingane som kom fram i forvaltningsrevisjonsrapporten. Kontrollutvalet avsluttar med dette oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har bestilt og fått gjennomført ein forvaltningsrevisjon innan området personalressursforvaltning.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i tråd med kontrollutvalet si innstilling:

1. *Kommunestyret sluttar seg til dei seks tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning:*
 - Gjennomføre og følge opp medarbeidarsamtalar i alle einingar.
 - Gjennomføre systematisk kompetansekartlegging i einingar som ikkje har innført dette.
 - Sikre at det blir utarbeidd oppfølgingsplanar, gjennomført dialogmøte og arbeidd med tiltak ihht. til kommunens rutinar, slik at det blir lik praksis mellom einingar i sjukefråværsarbeidet.
 - Nytte dei tilsette sine tilbakemeldingar om dei mest vesentlege forbetringpunkta i sjukefråværsoppfølginga som grunnlag for vidareutvikling av det førebyggjande HMS-arbeidet.
 - Bruke innspel frå dei tilsette om rekrutteringstiltak og etter- og vidareutdanning som kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av kompetanse- og rekrutteringsarbeidet.
 - Kartleggje om det er behov for tiltak i einingar/avdelingar der det er særleg risiko for arbeidsmiljøutfordringar, t.d. ved høg turnover eller der fleire tilsette rapporterer at dei vurderer å slutte.

2. *Kommunedirektøren bør merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og ta omsyn til desse i arbeidet med kommunen sin arbeidsgivarstrategi.*
3. *Kommunedirektøren bør rapportere skifteleg til kontrollutvalet om tilrådingar som er gjennomført, under arbeid og planlagt, innan utgangen av januar 2026.*

Vurdering:

Det ligg i kontrollutvalet sitt mandat å følgje opp vedtaka kommunestyret har gjort ved behandling av ein forvaltningsrevisjonsrapport. Derfor er det naturleg at kommunedirektøren rapporterer på dette til kontrollutvalet.

Kommunal og distriktsdepartementet uttaler i rettleiaren Kontrollutvalsboka at det i oppfølginga av forvaltningsrevisjonar er viktig å legge vekt på potensialet for forbetring og utvikling. På denne måten kan kontrollutvalet sitt arbeid med forvaltningsrevisjon medverke til betre måloppnåing og auka kvalitet på tenestene.

Det viktigaste formålet med at kontrollutvalet set i gang ein forvaltningsrevisjon er å medverke til læring og forbetring.

Kommunedirektøren er invitert til å vere tilstades i møtet for og gje kontrollutvalet informasjon om oppfølginga av kommunestyret sitt vedtak. Kontrollutvalet vil få den skriftelege orienteringa tilsendt i etterkant.

Sekretariatet vil råde kontrollutvalet til at ein med dette kan avslutte oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen, med mindre det kjem fram forhold i orienteringa som utvalet ønskjer å følgje opp på eit seinare tidspunkt.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 03/26 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
04.02.2026

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - barnevern Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området barnevern, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for forvaltningsrevisjonen er inntil 300 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 02.september 2026, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 16. september.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet ved sekretariatet informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunnsinformasjon:

I kontrollutvalet sitt møte 20.11.2025 gjorde Sykkylven kontrollutval følgjande vedtak:

Sykkylven kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan barnevern i Sykkylven kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- *bakgrunn og føremål*
- *problemstillingar*
- *revisjonskriterie og metode*
- *tidsplan*
- *forventa ressursbruk*

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. seinast 21. januar 2026.

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Vurdering:

Slik kontrollutvalsrådgivaren vurderer prosjektplanen, så har Møre og Romsdal revisjon SA svart på kontrollutvalet si bestilling av ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon barnevern Sykkylven kommune. Prosjektplanen ligg ved saka her.

Det er no når kontrollutvalet behandlar den framlagte prosjektplanen at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane, og dermed kva ein ynskjer at prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på prosjektplanen, for å sikre at kontrollutval og revisor har ei felles forståing av oppdraget.

I prosjektplanen frå revisjonen, er det lagt inn tre problemstillingar:

1. Korleis sikrar kommunen at barnevernstenesta har forsvarlege rutinar for å overhalde fristar, handtere avvik, styre risiko og gjennomføre internkontroll?
2. Sikrar kommunen førebyggjande arbeid i form av tidleg innsats og tverrfagleg innsats?

Kontrollutvalet bør drøfte og ta stilling til om desse problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ynskjer å revidere.

Ut frå sekretariatsrådgivaren si vurdering er dei foreslåtte rammene for ressursbruk og framdriftsplan, i samsvar med det som var forventa.

Vedlegg

Prosjektplan FR Sykkylven kommune - barnevern

Forvaltningsrevisor si erklæring om uavhengighet Sykkylven kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 04/26 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
04.02.2026

Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS

Sekretariatet si innstilling:

1. Kontrollutvalet i Sykkylven kommune vil delta i ei felles bestilling av ein forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar
3. Sykkylven kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenester
4. Sykkylven kontrollutval har - ingen kommentarar/fylgjande kommentarar - til felles bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt initiativ til ein felles forvaltningsrevisjon av Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS (IKAMR IKS), og kontrollutvala i dei andre eigarkommunane er invitert til å delta og kome med eventuelle innspel.

Invitasjonen frå Møre og Romsdal fylke sitt kontrollutval ligg ved som vedlegg og dei bed om tilbakemelding innan utgangen av februar 2026.

Føremålet med revisjonen er å undersøke om IKAMR IKS leverer arkivtenester til eigarane i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande arkivlov.

I invitasjonen frå fylket sitt kontrollutval står det mellom anna:

Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding på om det er ønskeleg å delta i ein felles forvaltningsrevisjon som nemnd ovanfor, og om det er innspel på:

- *Føremål og spørsmål/problemstillingar som skal undersøkast.*
- *Om Møre og Romsdal Revisjon SA kan gjennomføre forvaltningsrevisjonen på vegne av alle eigarane, og at kostanden blir fordelt på eigarane etter eigarbrøk.*

Vurdering:

Det er avgjerande for kommunar og fylkeskommunar å ha tilgang til velfungerande og lovmessige arkivtenester. Ei velfungerande arkivteneste er ein føresetnad for å sikre dokumentasjonsplikt, transparens, rettstryggleik og god forvaltning, og det er heilt sentralt at tenestene som vert levert frå IKAMR IKS er i samsvar med gjeldande regelverk. Ny arkivlov trådte i kraft 1. januar 2026.

Arkivverket fører ikkje tilsyn med interkommunale arkivinstitusjonar som IKAMR IKS etter arkivlova. Det er kommunane sjølve som har ansvar for å påsjå at arkivinstitusjonane dei eig og brukar, driv i samsvar med arkivlova og anna relevant regelverk. Dette tilseier eit særleg ansvar for eigarkommunane til å følgje opp verksemda gjennom kontrollutvala.

I tillegg til å undersøke om verksemda er i tråd med arkivloven, kan det vere aktuelt å sjå på om selskapet har etablert og følgjer opp eit internkontrollsystem, og i kva grad dette systemet fungerer etter føremålet.

Sekretariatet meiner at det i budsjettramma for kontrollarbeidet for Sykkylven kommune er rom for å delta i eit slikt felles forvaltningsrevisjonsprosjekt om kostnadene vert fordelte etter eigardel (eigarbrøk). Då vil den samla kostnaden for kvar enkelt eigarkommune bli redusert, samtidig som ein sikrar ei brei og samla undersøking som kan gje informasjon som alle kan nytte i kontrollutvalet sitt arbeid med forbetring og læring.

Sykkylven kommune har ein eigardel på vel 2% i IKAMR IKS. Dersom revisjonen vert gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA innanfor ei ramme på om lag 500 timar, og med timepris på kr 1 400, utgjer dette ein total kostnadsramme på kr 700 000. For Sykkylven kommune vil dette tilsvare ein estimert kostnad på omlag kr 16 000.

Møre og Romsdal Revisjon SA er leverandør av revisjonstenester for fylkeskommunen, og det er dei som vil gjennomføre forvaltningsrevisjon av IKAMR IKS. Temaet for forvaltningsrevisjonen er å avgjere om selskapet leverer arkivtenester i tråd med gjeldande lovgjeving. Etter tilbakemelding om deltaking og eventuelle innspel frå eigarkommunane vert det utarbeidd ein prosjektplan. Denne vert lagt til handsaming i kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, før den vert sendt til orientering i dei andre deltakarkommunane.

Om Sykkylven kontrollutval har innspel som fylket sitt kontrollutval bør vurdere å ta med i det vidare arbeidet med forvaltningsrevisjonen, så bør det formidlast i lag med tilbakemelding om deltaking.

Vedlegg

Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon 2026 - Interkommunalt arkiv IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 05/26 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
04.02.2026

Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025 Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025 til vitande og merkar seg at det gjennom denne kontrollhandlinga ikkje er funne noko som krev særskilt oppfølging.

Bakgrunnsinformasjon:

Revisor har eit sjølvstendig og fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen, i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen.

Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.



Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 04.02.2026 vil oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen gi kontrollutvalet ei oppsummering av den gjennomførte interimsrevisjonen for 2025.

Revisor si oppsummering gjev kontrollutvalet informasjon om at revisjonen går etter planen, og kontrollutvalet vil bli informert om viktige forhold som vert avdekt.

Revisor melder i rapporten at *Interimsrevisjonen er gjennomført som planlagt. Våre kontroller har ikke avdekket nevneverdige feil eller mangler som krever særskilt oppfølging*

Vedlegg

Revisor sin rapport etter interim 2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 06/26 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
04.02.2026

Årsmelding 2025 - Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Årsmelding 2025 for Sykkylven kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.
Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som ein samla rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kontrollutvalet sitt mynde er knytt til gjennomføring av kontrollhandlingar for å føre kontroll med forvaltninga. Det vil mellom anna seie å setje i verk forvaltningrevisjonar, eigarskapskontrollar og andre undersøkingar i kommunen, og sjå til at rekneskapen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet bør gi informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2025 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå desse overordna måla.

Årsmelding 2025 ligg ved som eige dokument.

Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og kom gjerne med innspel til endringar i møtet. Sekretariatet redigerar endringane inn og endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

Vedlegg

Årsmelding 2026 frå Sykkylven kontrollutval